



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
16/32187-5

Dykkar referanse:
14/1695 – 17/12926

Vår dato:
07.06.2017

Merknad til offentlig ettersyn av reguleringsplan Keilen Vest – Lindås kommune – Plan-id 1263-201105 – Endra føresegn

Vi viser til offentlig ettersyn av reviderte rekkefølgekav for reguleringsplan Keilen Vest i Lindås kommune, motteke 18.05.2017, med merknadsfrist 07.06.2017.

Planområdet har tilkomst via den kommunale vegen Keilevegen fram til kryss med fylkesveg 57 Mongstadvegen. Framlegget til reguleringsplan opnar for inntil 50 nye bueiningar i området, og inneber ei vesentleg trafikkauke på tilkomstvegane. Etter vårt syn er det difor naturleg at ein i planarbeidet må vurdere trafikktryggleiken fram til og internt i planområdet, og spesielt for dei mjuke trafikantane.

Framlegg til reguleringsplan var på offentlig ettersyn i februar/mars 2016. Statens vegvesen bad då om at Lindås kommune gjorde ei ny vurdering av naudsynte trafikksikringstiltak langs den kommunale vegen Keilevegen, som ligg dels i Lindås kommune og dels i Austrheim kommune. Vi bad òg om at dei to kommunane samarbeida for best mogleg resultat.

Ut frå sakspapira kan vi sjå at det har vore ein dialog med Austrheim kommune, og administrasjonen i Lindås kommune har utarbeidd eit nytt framlegg til rekkefølgekav basert på synfaring og dialog med Austrheim kommune. Plan- og miljøutvalet (PMU) valde å redusere krava vesentleg under sin handsaming, og punkt 2. og 3. i krava vart mindre målbare og forpliktande. Dette er etter vårt syn uheldig.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen vil på nytt oppmode Lindås kommune om å gjere ei ny vurdering av tryggleiken for dei mjuke trafikantane i området, med omsyn til den veksten planen legg grunnlag for. Rekkefølgjekrava som vert sett i føresegna bør vere tydelege, målbare og forpliktande.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Austrheim kommune, Sætre marka 2, 5943 AUSTRHEIM
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN